

Ljåslott, skyting og perlebroderi

RADØY: Det spennande programmet for Kystso-gevekene 2012 er no klart.

ANNA M. HATLAND
anna.hatland@nordhordland.no

12. august er det endeleg duka for opning av Kystso-gevekene på Radøy.

Den offisielle opninga finn stad på Vestnorsk utvandringssenter på Sletta, og arrangementet har fått tittelen "Frå Noreg til Amerika". Her skal det visast litt av den kulturen dei mange emigrantane utvandra frå, og reiste til, på den tida.

Typisk for tida

- Den offisielle opninga vert gjort av ordførar Jon Askeland, opplyser arkivleiar for Radøy kommune, Bente K. Hervik.

- Deretter vert det ei orientering ved avdelingsleiar ved Vestnorsk utvandringssenter, Ida Heyerland, og etterpå kjem musikalske innslag ved Mari Karoline Mellingen.

Tilbod om aktivitetar for heile familien finn ein i det gamle tunet i Åsen, på Øvre Tveiten, og i emigrantlandsbyen på Sletta. Emigrantlandsbyen representerer USA anno 1900 og Åsen skal førestelle Norge anno 1900.

- Det er meininga at både maten og aktivitetane på begge desse stadene skal vera typiske for den tida, fortel Hervik.

Ljåslott og gardsdyr

I Åsen kan ein få omvisning på tunet, og borna kan få oppleve møte med tradisjonelle, norske gardsdyr som hestar, sauer og høns.

Det vert ljåslotttevling for den som er konkurranselysten, og for dei svoltne har dei forskjellige smaksprøver av norsk, historisk mat.

- Ein finn tilbod om sal av lokalproduserte varer og kaffimat, og den musikalske biten vert dekkja ved vakre innslag av Ingvild Aagaard-Nilsen og Ingrid Raknes, informerer Hervik.

Skyting og perlebroderi

I emigrantlandsbyen er det mykje å finna for dei som er meir interessert i korleis det amerikanske livet var på den tida, ein



AKTIVITETAR: Det vert eit høgt aktivitetsnivå i emigrantlandsbyen på Sletta i helga. (Foto: Radøy kommune)

kan mellom anna få ta "amerikabilete", skrive amerikabrev, eller prøva seg i kunsten å perlebrodera.

Smaksprøver av amerikansk mat, typisk for forrige århundre, og for dei konkurranselystne vert det ei skytetevling på dagen.

Der kan ein kan få bryna seg på å konkurrera mot andre oppmøtte, og utstillinga "Lengselens bilder" vert nok ei fin oppleving for dei historisk interesserte. Her skal ein illustrera den norske utvandringa til det amerikanske kontinentet, noko som nådde ein topp for hundre år sidan.

På kvelden vert det konsert med Levi Henriksen og Thomas Mårud i Emigrantkyrkja.

Arrangørar for heile tilstellinga er eit samarbeid mellom Radøy kommune og Vestnorsk utvandringssenter, men med god hjelp av andre, lokale aktørar. Saman har dei ordna eit historisk og variert program.

- Kom og opplev Norge og USA "anno 1900", oppfordrar Hervik nøgd.

Aktive veker i regionen

Også i Lindås og Masfjorden opnar Kystso-gevekene neste helg.

I Lindås opnar utstillinga «Langs Kysten» på biblioteket i Knarvik lørdag, og utstillinga «Ein vanleg dag i Vassel skulekrins» i Bokkaféen i Eknesvågen søndag.

I Masfjorden opnar sommarutstillinga i Kvamsdal fargerilør-dag, og om kvelden held Jan Eggum konsert i Nothuset. Søndag er det båt- og rodag på Sandnes.

I Radøy vert det invitert til Nøtlevågdagen lørdag, med omvisning og forteljing frå butikken og meieridrifta, og bryggjedan

om kvelden - før den offisielle opninga på Sletta søndag.

På Fedje vert det kulturvandring gjennom landsbyen i havet, med kulturelle innslag undervegs fredag 17. august. Om kvelden vert det jazzgudsteneste i kyrkja.

Austrheim opnar sine dagar med Fønnesdagen lørdag 18. august.

Meland har kystso-geopning 24. august med 10 års jubileumskonsert for Meland i Galleri Rustica på Holmeknappen.

I Gulen vert årets kystso-geveker opna med «På Ramnens dag» 15. august - eit musikkspel om kyrstarbeidaren sitt dramatiske liv og historie.

KONKURSUTSALGET FORTSETTER!!

Vestlandske Dun - en av Norges største grossister av dyner og sengetøy - gikk dundrende konkurs!! Dun of Norway har påtatt seg å realisere konkurspartiet. Gigantiske varemengder truer med å sprengte lageret, overleste trailere ruller inn med nye produkter og vi begynner å få panikk!! Hele varelageret til Vestlandske Dun dumpes nå til:

SJOKK-PRISER!!

Alle kanalsydd gasedundynner i lokalene! Priser fra:	350,- til 700,-
Nydelig rutesydd helårsdundyne i høy sortering dun. Anbefales! NB! Begrenset antall igjen på lager:	75% avslag på produsentprisen!
Allt av dunputer i lokalene: Allt skal vekk til vanvittige:	Konkurspriser!
Silkemyke ekte satinsengesett: 100% bomull. Kjempeutvalg til:	Uslåelige 100,-
Kanskje verdens beste sommerdyne!! Supersvale og luftige sommerdyner i ren moskusdun. Et must i sommervarmen!	Latterlige 449,-
Eksklusive ekte Damaskengesett: 100% fin bomull. Må ikke forveksles med billige kopier:	Sjokkerende 200,-
Rutesydd superdyne med høyeste sortering Sibirsk gasedun. Ren nytelse! Du betaler kun:	Vanvittige 999,-
Moskus Extreme. Ekstremkvalitets dyne med ederdunslignende dun. Denne må oppleves! Du betaler kun:	Utrolige 1499,-

Dun of Norway A/S

Åsamyrane 271, Bergen. Samme bygg som Coop Xtra (200m fra Gullgruven) på Nyborg i Åsane

TELEFONBESTILLING

Har du ikke anledning til å besøke oss? Vi sender over hele landet!! Tlf: 970 92 950

Åpningstider:

Man/fre 10.00 - 18.00
Torsdag 10.00 - 20.00
Lørdag 10.00 - 16.00